



Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Rapport etter tilsyn

# Kommunal beredskapsplikt

Ulstein kommune

Tilsynsdato: 29.09.2016

Rapportdato: 10.11.2016

## Innhald

<b>1</b>	<b>BAKGRUNN OG GJENNOMFØRING</b>	<b>3</b>
1.1	FØREMÅL OG HEIMELSGRUNNLAG	3
1.2	PÅLEGG OM GJENNOMFØRING	3
1.3	TILSYNSTEMA	3
1.4	GRUNNLAGSDOKUMENTASJON	4
1.5	GJENNOMFØRING	6
<b>2</b>	<b>HOVUDINNTRYKK</b>	<b>7</b>
<b>3</b>	<b>RESULTAT FRÅ TILSYNET</b>	<b>8</b>
3.1	AVVIK	8
3.2	MERKNADER	9
<b>4</b>	<b>VIDARE OPPFØLGING</b>	<b>10</b>

## 1 Bakgrunn og gjennomføring

Tabellen nedanfor oppsummerer nøkkelopplysningar om gjennomføringa og vidare oppfølging. Dei vidare avsnitta gir utfyllande opplysningar om heimelsgrunnlag, grunnlagsdokumentasjon og deltakarar.

<b>Tidspunkt for tilsynet:</b>	25.05.2016 (formøte) 29.09.2016 (tilsyn)
<b>Adressa til kommunen:</b>	Pb. 143, 6067 ULSTEINVIK
<b>Kommunennummer:</b>	1516
<b>Kontaktperson i kommunen:</b>	Anita Sundnes
<b>Fylkesmannen sitt tilsynslag:</b>	Stine Sætre (tilsynsleiar) Atle Morsund
<b>Tilsynsrapporten er skriven av:</b>	Atle Morsund
<b>Tilsynsrapporten er godkjent av:</b>	Helge Mogstad
<b>Førebels tilsynsrapport sendt:</b>	26.10.2016
<b>Endeleg tilsynsrapport sendt:</b>	10.11.2016
<b>Kommunen sin frist for oppfølgingsplan:</b>	06.01.2017

### 1.1 Føremål og heimelsgrunnlag

Føremålet med tilsynet er å sjå til om Ulstein kommune sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap er i samsvar med aktuelle krav fastsett i sivilbeskyttelseslova og forskrift om kommunal beredskapsplikt.

Tilsynet er gjennomført med heimel i § 29 i sivilbeskyttelseslova og § 10 i forskrift om kommunal beredskapsplikt.

### 1.2 Pålegg om gjennomføring

I Justis- og beredskapsdepartementet sitt embetsoppdrag til fylkesmennene er det fastsett at fylkesmannen skal føre tilsyn med kommunane sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap. Tilsyna skal gjennomførast i samsvar med DSB sin tilsynsrettleiar, og det skal førast tilsyn med den einskilde kommune minimum kvart fjerde år.

### 1.3 Tilsystema

I møte mellom DSB og fylkesmennene i mars 2015 presiserte DSB at alle krav i forskrift om kommunal beredskapsplikt skal vurderast under tilsyna i 2016.

#### 1.4 Grunnlagsdokumentasjon

Desse dokumenta vart sende frå kommunen til fylkesmannen før tilsynet:

Nr.	Dokument	Datering
1.	Saksframlegg – mandat overordna ROS-analyse for Ulstein kommune	18.05.2016
2.	ROS-analyse. Befolkningsvarsling og evakuering	23.04.2015
3.	ROS-analyse for Ulstein kommune – Grunnlag for kommuneplanen i arealdel	21.06.2011
4.	ROS-analyse. Ulstein kommune Brannordning 2014	Ikkje datert
5.	Notat – Beredskapsrelaterte aktivitetar – planlagde og hendingar	Ikkje datert
6.	Overordna Beredskapsplan – Ulstein kommune	24.04.2015
7.	Beredskapsvakt SSIKT	Ikkje datert
8.	Mottak av beredskapsvarsel e-post/SMS	16.11.2015
9.	Plan for beredskapssekretariatet	24.02.2015
10.	Ulstein kommune – Prosedyre for bruk av satellittelefon	08.01.2015
11.	Rutine for å sette kommunen sin nettside i beredskapsmodus	12.04.2016
12.	Lokal beredskapsplan – NAV Ulstein	05.05.2014
13.	Delplan for Ulstein kommune – Beredskapsplan for akutt forureining	25.11.2010
14.	Beredskapsrutine for UEKF	12.02.2015
15.	Branninstruks NAV Ulstein	Ikkje datert
16.	Omsorg i barnehagen – om kriseperm	Ikkje datert
17.	Generell beredskapsrutine for oppvekst	Ikkje datert
18.	Kriseperm for grunnskolen	Ikkje datert
19.	Informasjon ved alvorleg ulykk i skuletida – HMS sorg og krise	04.03.2005
20.	Lokal sikkerhetsinstruks – NAV Ulstein	Ikkje datert
21.	Beredskapsplan og smittevernplan	00.00.2009
22.	Ulstein kommune - Omsorgsberedskapsgruppa	Ikkje datert
23.	Plan for sorg- og omsorgsarbeidet i Ulstein kommune	04.02.2009
24.	Rutine for korleis handtere vold og truslar ved NAV Ulstein	Ikkje datert
25.	Handlingsplan for hendingar – Atomberedskap	Ikkje datert
26.	Handlingsplan for hendingar – Ekstreme vêrtilhøve	Ikkje datert
27.	Handlingsplan for hendingar – Evakueringsplan	Ikkje datert
28.	Handlingsplan for hendingar – Informasjon (internt og eksternt)	Ikkje datert
29.	Handlingsplan for hendingar – Samband	Ikkje datert
30.	Handlingsplan for hendingar – Straumbrot	Ikkje datert
31.	Handlingsplan for hendingar – Befolkningsvarsling	Ikkje datert
32.	RiskManager Kvalitetssystem	Ikkje datert

33.	Kommunal planstrategi 2016 – 2020. Utkast	05.09.2016
34.	Høringsutkast til Kommuneplan. Samfunnsdel Ulstein kommune 2017 – 2029	00.00.2016
35.	Smittevernplan for Ulstein kommune	Ikkje datert
36.	Evaluering etter hending – brann i kommunal bustad	09.02.2016
37.	Evaluering etter øving – Innkalling av kriseleiing	04.12.2014
38.	Evaluering Fårikål 2012	Ikkje datert
39.	Evaluering Fårikål 2013 – Ekstremvêret Lodve	05.11.2013
40.	Evaluering Fårikål 2014	Ikkje datert
41.	Notat – Oppfølging etter orkanen Dagmar 25.11.2011	10.01.2012
42.	Evaluering – Uvarsla varslingsøving – Utanfor ordinær kontortid	Ikkje datert
43.	Ressursar og kontaktpersonar - Mafoss/ Den maritime Næringa	12.01.2016
44.	Ressursar og kontaktpersonar – Møre og Romsdal sivilforsvarsdistrikt	02.09.2016
45.	Ressursar og kontaktpersonar - Mørenett AS	02.09.2016
46.	Ressursar og kontaktpersonar - Sørøyane Røde kors hjelpekorps	12.04.2016
47.	Ressursar og kontaktpersonar - Sørøyane HV-område 11212	02.09.2016
48.	Redningsselskapet – Ressursplan Møre og Romsdal 2016	Ikkje datert

## 1.5 Gjennomføring

Formøte med Ulstein kommune vart gjennomført 25.05.2016. Tilsynsbesøk med opningsmøte, intervju og sluttmøte vart gjennomført 29.09.2016. Kven som deltok går fram av tabellen under.

<b>Deltakarar</b>	<b>Stilling</b>	<b>Formøte</b>	<b>Opningsmøte</b>	<b>Intervju</b>	<b>Sluttmøte</b>
Knut Erik Eng	Ordførar	X	X	X	X
Einar Vik Arset	Rådmann	X			
Verner Larsen	Konst. rådmann		X	X	X
Anita Sundnes	Beredskapskontakt	X	X	X	X
Arne Runar Vik	Konst. ass.rådmann	X			X
Asbjørg Garshol	Kommunikasjonsleiar		X		X
Marit Botnen	Kommunalsjef helse og omsorg		X		
Gry Nordal	Kommunalsjef oppvekst		X		
Stine Sætre	Fylkesberedskapssjef		X	X	X
Atle Morsund	Rådgjevar	X	X	X	X

## 2 Hovudintrykk

Både dokumentgjennomgangen og tilsynsbesøket viste at Ulstein kommune er medviten om oppgåver og ansvar for samfunnstryggleik og beredskap. Kommunen har god forståing av statusen for beredskapsarbeidet – også forbettringspotensialet. Kommunen har ein levande beredskapsorganisasjon som er øvd og prøvd, og vi ser at kommunen har gode rutinar for å ivareta ansvaret.

Dei fleste elementa i den kommunale beredskapsplikta er på plass, og arbeidet framstår som godt gjennomtenkt og godt tilpassa lokale behov. Vesentlege element som heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse og beredskapsplan er på plass, men er ikkje heilt tilpassa forskriftskrava.

Kommunen sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap er forankra på strategisk nivå, både i kommuneplanen sin samfunnsdel og i planstrategien. I tillegg gjev overordna beredskapsplan eit godt oversyn over andre planverk, og korleis Ulstein kommune skal arbeide med samfunnstryggleik og beredskap.

Heilskapleg ROS-analyse er frå 2011, og den er no under revisjon. Denne skal vere ferdig i løpet av 2017. Vi vil rå kommunen om at ein gjennom revisjonen legg seg tettare opp til forskrifta og rettleiaren knytt til denne, og at beredskapsplanen reviderast i etterkant slik at denne tek opp i seg funna i den nye heilskaplege ROS-analysen, når den blir ferdig.

### 3 Resultat frå tilsynet

Tilsynet avdekte to avvik. To forhold er kommenterte som merknader.

#### 3.1 Avvik

Avvik er definert som manglande oppfølging av krav fastsett i sivilbeskyttelseslova §§ 14 og 15 og/eller i forskrift om kommunal beredskapsplikt.

##### **Avvik nr. 1**

Ulstein kommune si heilskaplege ROS analyse oppfyller ikkje alle forskriftskrava.

##### **Regelverkstilvising:**

Sivilbeskyttelseslova § 14 og forskrift om kommunal beredskapsplikt § 2, tredje ledd, litra, c og e.

##### **Utdjupande kommentar:**

Forskrifta listar i § 2 opp ei rekkje minimumskrav til kva ein heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse skal innehalde. Ei vurdering av korleis ROS-faktorar kan påverke kvarandre, og vurdering av kommunen sin evne til å oppretthalde eigen drift ved uønskte hendingar er blant desse, og dette er ikkje inkludert i kommunen sin analyse.

##### **Avvik nr. 2**

Ulstein kommune sin beredskapsplan oppfyller ikkje alle forskriftskrava til innhald.

##### **Regelverkstilvising:**

Sivilbeskyttelseslova § 15 og forskrift om kommunal beredskapsplikt § 4 første ledd.

##### **Utdjupande kommentar:**

Planverket oppfyller ikkje kravet om at det skal ta utgangspunkt i den heilskaplege ROS-analysen. For å oppfylle forskriftskravet må kommunen legge ROS analysen til grunn for ein revidert beredskapsplan, i tråd med rettleiaren til forskrifta for kommunal beredskapsplikt. Vi rår kommunen til å gjere dette når revisjon av ROS analysen er ferdigstilt.



### **3.2 Merknader**

Merknader er definerte som forhold som ikkje oppfyller definisjonen av avvik, men som fylkesmannen meiner det er grunn til å påpeike for å sikre god oppfølging av beredskapsplikta.

#### **Merknad nr. 1**

Når kommunen no skal revidere den heilskaplege risiko- og sårbarheitsanalysen må denne forankrast tettare i sivilbeskyttelseslova, og forskrift om kommunal beredskapsplikt. Vi rår kommunen til å gjennomføre det løpet som er skissert i saksframlegget om overordna ROS analyse for Ulstein kommune. Når den heilskapleg ROS-analysen er ferdig, bør ein legge ein plan for oppfølging av funn og tiltak og gjerne i samarbeid med aktuelle samarbeidspartar.

#### **Merknad nr. 2**

Som påpeika i førre tilsyn oppfyller kriseinformasjonsdelen av kommunen sin kriseplan berre så vidt og under tvil forskriftskravet, og ein bør sjå på denne ved neste revisjon av planverket.

#### **4 Vidare oppfølging**

Fylkesmannen ber om at kommunen lagar ein plan for når og korleis det avdekte avviket skal følgjast opp. Planen skal sendast til fylkesmannen seinast seks veker etter tilsynsrapporten er motteken.

Med utgangspunkt i kommunen sin plan, vurderer fylkesmannen om tilsynssaka kan avsluttast. Kommunen får tilbakemelding om dette seinast tre veker etter fylkesmannen har motteke kommunen sin oppfølgingsplan.

Dersom kommunen har spørsmål om tilsynsrapporten eller oppfølginga, kan fylkesmannen sin tilsynsleiar kontaktast:

Stine Sætre, [stine.saetre@fylkesmannen.no](mailto:stine.saetre@fylkesmannen.no), 71258485 / 95224419